

Utdrag frå kommuneplan

Lom 2020



Lom - gjestfritt og nyskapande

Formålet med samfunnsdelen i kommuneplanen er å behandle langsiktige utfordringar og trekkje opp mål og retningsliner for utvikling i Lom kommune som samfunn og organisasjon.

Lom skal vera eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:

- Gjestfri
- Open
- Inkluderande
- Respektfull
- Nyskapande
- Trivsel
- Lokal kultur og historie
- Natur

I den kommunale verksemda skal alle tilsette leggje vekt på å framstå som:

- Offensive
- Løysingsorienterte
- Inkluderande

Visjon

Lom – gjestfritt og nyskapande

Gjestfridomen skal omfatte alle

- dei som allereie er fast busette
- dei som ønskjer å busetja seg i Lom
- tilreisande, turistar

Slagordet Kom til Lom er med og synleggjer visjonen.



Vårdalen og Garmo frå Meadalsvegen. Foto Visus.



Issoleia er kommuneblomen til Lom. Sognefjellet med Smørstabbtindane i bakgrunnen. Foto Visus.

Satsingsområde

Omdøme

Lom som merkevare

- Lom har ein tydeleg profil, som eit inkluderande lokalsamfunn med unike tilhøve for natur-, kultur- og matopplevingar.

Kommunikasjon

- Pådrivar for å få vidareutvikla vegsystemet, med hovudfokus på trafikksikkerheit og transport-effektive løysingar.
- Pådrivar for utbygging av gode IKT- løysingar, og andre framtidige elektroniske løysingar til heile kommunen.

Endringskompetanse

- Eit tilpassingsdyktig lokalsamfunn
- Open haldning til nyetableringar, og vektlegging av heilskap i satsingane.
 - Systematisk oppfølging av nyetablerte.
 - Styrking og utvikling av kompetansemiljø i kommunen og regionen.



PER IVAR BERGET

Jeg kom til Lom første gang sommeren 1998 og begynte da som lærling på Fossheim Turisthotell. Lom er for meg en bra plass å bo først og fremst fordi jeg har en jobb, en leilighet og et miljø jeg trives utmerket i. Men selvsagt er roen og folket i Lom en viktig årsak til at jeg er blitt lomvær. Lom byr på motsetninger. En hektisk sommer med et sentrum som til tider koker av turister. Og en vinter som er stille, uten noe stress og mas, med tid til å glede seg til en ny hektisk sommer.



RAGNAR KLEIVEN

Ein gamal Bøverdøl har sagt at Leirdalen er framtidens dal. Her er det fint og roleg - særleg vinterstid. Og - vi er skåna for all slags forureining med både reint vatn og rein luft.



MARIT SLETTEN

Det eg likar ved å bu i Lom er at det ikkje er så mykje folk her, slik at dei som er her har lettare for å føle seg som ein del av samfunnet og blir lettare plukka opp om dei skulle halde på å falle utanom! Vi har mange og store verdier rundt oss å vere stolte av, både av ressurspersonar og natur! Det er ikkje så vanskeleg å sjå for seg ei framtid her, i alle fall ikkje for meg!



GRETHE STOKKE FJELD

Det eg likar best med å bu i Lom er den fine naturen og nærleik til familien.



Vagle i vinterfjellet. Foto Jirka Dvorak.



KARI NYBORG

Yrket mitt gjør at jeg treffer veldig mange trivelige folk. Lom har et godt oppvekstmiljø for unger, med mange tilbud i et trygt miljø. For meg som liker friluftsliv, bor jeg på rett sted. Denne verdien føler jeg det er viktig å formidle til de unge. Som liing er jeg ekstra privilegert med lang solgang. Det å bo slik til at man kan sette på seg skiene ved kjøkkentrappa, er også bra. I forhold til innbyggertallet, opplever jeg at det er mange, gode og varierte tilbud. Jeg håper at de store verdier som Lom står for som ren natur, kultur, stillhet, urørthet og ekthet forvaltes på en slik måte at vi beholder særpreget. Selv om jeg opprinnelig kommer fra "anstann", er jeg stolt av å være innbygger i Lom.



RONNY NESTVOLD

Lom er ei lita bygd med stor aktivitet, spesielt i sommerhalvåret. Bygda har veldig gode oppvekstvilkår, med lite problem med rus og liknande. Lom er generelt ein triveleg og sikker plass å bu. Vi har ein mektig natur med alt frå rolege og frodige dalar med rennande eller stillestående vatn, til dei høgste fjella i Nord-Europa. Mange vil misunne oss denne plassen. Lom er sentralt plassert i Sør-Noreg med omtrent like avstandar til Oslo, Trondheim og Bergen.

Eldre og funksjonshemma

MÅL

- Fokus på brukarmedverknad, aktiv omsorg, livskvalitet, respekt og verdigheit for alle
- Vektlegge universell utforming, slik at det blir fokusert på auka tilgjenge og deltaking for alle, gjennom planlegging, arkitektur, tenestetilbod og produktdesign.
- Gje individuelt tilpassa tenester.

Barn og unge

- Full barnehagedekning og skuletilbod som tek vare på og gjev utviklingsrom for alle.
- Musikk- og kulturskulen skal gje alle som ønskjer eit tilbod.
- Vidaregåande skuletilbod.
- Varierte aktivitetar og fritidstilbod.
- Lytte til dei unge!
- Mobilisering av ungdommen sine egne ressursar for å skape varierte fritidstilbod.
- Samhandle med lag og organisasjonar
- Fleirbrukshall.

Næringsutvikling

I botnen ligg eit samfunn med levande landbruk, eit kommunesenter med stor vekt på estetikk og byggeskikk og ei utvikling basert på berekraftig forvaltning av naturressursane.

MÅL:

- Utvide reiselivssesongen.
- Natur- og kulturbasert næringsutvikling i eit balansepunkt mellom bruk og vern.
- Etablere og marknadsføre Lom som nasjonalparklandsby. Kommunesenteret ligg omkransa av tre store nasjonalparker, med nasjonalparksenteret Norsk Fjellmuseum som eit sterkt knutepunkt for kompetanse og informasjon om verneområda.
- Til ei kvar tid ha ledige tomter for næringsutvikling.

Tekniske tenester

MÅL

- God service til innbyggjarane innan saksområda sektoren dekkjer.
- Noregs beste drikkevatt.

Bulyst

MÅL:

Lom skal vera ein møteplass for dei som ønskjer det gode liv med mat-, kultur- og naturopplevingar.

TILTAK:

- Varierte tomte- og bustadstilbod.
- Godt utbygde kommunale tenester i alle fasar av livet.
- Varierte kulturtilbod.
- Universell utforming. Alle offentlege bygg og uteområde, bygg og anlegg som får offentleg støtte, skal ha tilgjenge for alle.

Miljø, arealforvaltning, energi og klima

MÅL:

- Framtidsretta areal- og ressursforvaltning: bruk - ikkje forbruk.
- Pådrivar ovanfor sentrale styresmakter for å få til ein aktiv, heilskapleg og framtidsretta politikk for forvaltning og bruk av verneområde.
- Utarbeide klima- og energiplan - fortrinnsvis i eit regionalt samarbeid.



MARTE KJÆRSHOLEN

Det fine for meg ved å bo i Lom er nærheten til fjellet og de folka som bor her. Å bo i Lom gir meg muligheten til å drive med det jeg liker best både i forbindelse med jobb og fritid.



ESPEN AURMO med Ola på armen

Lom er ein trygg plass å vekse opp. Alle kjenner kvarandre og det blir fokusert på gode og trygge verdjar. Det er umissande å ha eit godt nettverk rundt seg med familie, vener og ikkje minst eit godt barnehage- og skulemiljø.



MAGNHILD SYNNOVE SKAMSDALEN


Her i Bøverdalen har eg røtene mine, eg kjenner fortida mi og føler meg heime her. Det er trygt og godt å bu i Lom. Vi har eit godt oppvekstmiljø, alle kjenner alle og vil ein slå av ein prat er det alltid mogleg. Må ein be om hjelp til eitt eller anna, stiller folk alltid opp.



Nøkkeltak og utviklingstrekk

Areal og naturgrunnlag

Samla areal er 1.945 km², men storparten er fjell: Berre 140 km² – eller 7 % av totalarealet er under 900 m.o.h.



Kjelde: offisielle tal frå Noregs geologiske undersøkingar (NGU).

Folketalet


Utviklinga i folketalet er urovekkjande. Den negative utviklinga er kanskje den største utfordringa vi står framfor.

Folketalet i Lom i 1920 var 2.438 (Statistisk årbok 1920), og etter ein jamn nedgang frå tusenårsskiftet er vi nå nede på om lag same talet.

Diagram 1 viser utvikling av folketalet i Lom kommune frå 1997 til 2006.


Frå Statistisk sentralbyrå kan vi hente framskrivingar av folketalet basert på ulike scenario. Diagram 2 syner framskriving fram mot 2020 basert på dei tre utviklings-

1. FOLKETALET I LOM KOMMUNE FRÅ 1997 TIL 2006



Folketalet har gått ned frå 2.578 i 1997 (4. kvartal) til 2 444 i 2006 (3. kvartal) (Kjelde: SSB)

2. FRAMSKRIVING AV FOLKETALET FRAM MOT 2020



trekka ”Høg nasjonal vekst”, ”Svak aldring” og ”Sterk aldring”. Dei tre framtidbileta indikerer at folketalet i 2020 vil verta:

SCENARIO	2010	2015	2020
Høg nasjonal vekst	2 389	2 348	2 335
Svak aldring	2 371	2 314	2 287
Sterk aldring	2 373	2 290	2 238




Fig. 2.2 Kjelde: Statistisk sentralbyrå (Panda)

Næringsliv

Næringslivet i Lom kan delast i hovudgruppene jord- og skogbruk, reiseliv og varehandel, produksjons-, handverk- og entreprenørbedrifter og offentleg og privat tenesteyting.

Jord- og skogbruksnæringa har hatt ein dramatisk nedgang i talet på sysselsette i perioden 1986 - 2000, med ca. 45 %. Forklaringa på denne utviklinga er ei stor auke i inntekter utanom gardsdrifta, i tillegg til nedlegging av enkelte bruk. Sysselsette i reiseliv og varehandel har ikkje endra seg sidan 1986. Offentleg og privat tenesteyting har auka med ca. 25 %. Produksjons- og entreprenørbedriftene viser den største auke i talet på sysselsette med ca. 35 %.

Heile Lom er å sjå på som eit reiselivsprodukt med aktivitetar og opplevingar tufta på eigenarta natur- og kulturverdiar. Reiselivet i Lom har lange tradisjonar. Overnatting og servering utgjer, saman med varehandel, ca. 20 % av sysselsetjinga i kommunen.

Lom gjestfritt og nyskapande



Foto Jirka Dvorak.

Layout/foto personar: Visus, Lom.



Lom

Telefon: 61 21 73 00 Telefaks: 61 21 73 01 post@lom.kommune.no www.lom.kommune.no